

Økologisk dyrking av frukt

– er dette noko for deg?

Det er ei aukande interesse for økologisk produserte varer. Produksjonen er ikkje så stor enno, så det er mogeleg for fleire å satsa. Det er stor mangel på både konsumfrukt og råstoff til saftproduksjon. Produksjonen er krevjande, men med gode kunnskapar er det fullt mogeleg.

Av Jan Ove Nes, Indre Hardanger Forsøksring
Oppdatert april 2014

Må eg leggja om heile garden?

Du kan leggja om sort for sort til økologisk dyrking, men kan ikkje ha same sorten elles på garden. Det skal i tillegg vera mogeleg å sjå skilnad på sortane. Du kan t.d. leggja om Raud Aroma til økologisk, og halda alt anna i vanleg dyrking. Feltet som skal dyrkast økologisk skal vera skilt frå andre felt med ein køyreveg e.l. (3 m grense). Frå eit felt eller ein sort er meldt inn til omlegging til frukta kan seljast som økologisk, skal det gå 3 vekstsesongar. Denne tida vert kalla karenstid.



Ein ser liten skilnad på økologiske og konvensjonelle frukthagar.

Omleggingstilskot

For areal som vert lagt om til økologisk dyrking (karens) får du eit tilskot på kr 250,- pr dekar og år. For frukt er omleggingstida 3 år. Vidare er det eit årleg tilskot på kr 1000,- pr dekar. I tillegg får du alle dei vanlege arealtilskota og produksjons- og kvalitetstilskota.

Gjødsling og kalking

Gjødsling skal baserast på husdyrgjødsel eller annan godkjent organisk gjødsel, men ein kan få dispensasjon til å tilføra einskilde næringsemne ved dokumentert behov. Middel som det kan søkjast om er t.d. råfosfat, kaliumklorid, magnesiumsulfat eller mikronæringsstoffkonsentrat. Kalksteinsmjøl eller dolomitt er godkjent utan søknad. Det er ikkje krav om at husdyrgjødsel skal koma frå økologisk dyrehald. Den einaste husdyrgjødsel som ikkje er lov å bruka er møk frå burhøns eller pelsdyr. Grensa for kor mykje husdyrgjødsel det er lov å tilføra frå konvensjonelle husdyr er no på heile 27 kg total nitrogen – noko som er langt over det som er reelt å tilføra i frukt. For slaktekylling vil t.d. normal tilføring vera 350 - 400 kg pr daa.

Plantevernmiddel og sprøyting

Nokre vanlege plantevernmiddel er godkjende i økologisk dyrking. I tillegg finst det ei rekkje alternative middel som kan vera aktuelle. Det kan vera lettast å bruka ei eiga sprøyte til økologisk dyrking, men ved dokumentering av vaskerutinar er det ikkje krav om dette.

Døme på middel som kan brukast i økologisk dyrking er: Thiovit (svovelpulver), Nordox, grønsåpe og rapsolje (ikkje frå genmodifiserte plantar), bakepulver og kalsiumklorid. Det er også mogeleg å bruka andre middel til bladgjødsling, men ein må då dokumentera behovet.

Aktuelle skadegjerarar og tiltak

Skurv er den mest alvorlege skadegjeraren i eple, medan insekt (t.d. rognebærmøll) kan vera problem somme tider, eller enkelte år.

Skurv

Fruktdyrkarane i Hardanger har lang erfaring med bruk av svovelpulver (Thiovit) mot skurv. Thiovit er lovleg å bruka i økologisk dyrking, medan svovelskalk har gått ut ettersom det har mista den ordinære godkjenninga. I tillegg har bakepulver god kurativ effekt når det vert sprøytat innan 300 timegrader (ca 24-48 t) etter infeksjonen starta, og er aktuelt å blanda med Thiovit. For å få kjøpa og bruka Thiovit må ein ha autorisasjonsbevis for bruk av plantevernmiddel.

Nordox er godkjent på dispensasjon med same maxgrense som for konvensjonelt: 400 gram pr dekar.

Det er inga øvre grense på kor mange gonger du kan sprøyta.

Lagerrôte

Kalsiumklorid har vist positive effektar på lagring av Aroma. Forsøk ved NLH på Ås har vist at 4-5 sprøytingar med kalsiumklorid er like effektivt som den tradisjonelle lagerrøtesprøytinga med Topsin.

Insekt og midd

Mange dyrkarar har med stort hell prøvd sprøyting med soya- eller rapsolje + grønsåpe mot egg av lus i moreller.

Dette er også aktuelt mot egg av frukttremidd, men må då sprøytast like før klekking.

Blandinga verkar truleg også på vaksne frukttremidd og bladlus. Erfaringar frå eit felt i Lier sommaren 2002, kan tyda på at olje også har verknad på sommarfuglegg og unge larvar. Forsøk med oljesprøyting mot rognebærmøll tyder på at to sprøytingar gir om lag same resultat som den tradisjonelle Gusathion-sprøytinga.

Småfuglar mot sommarfugllarvar

Eit blåmeispar med ungar et om lag 3 kg insekt pr. år, men også kjøttmeis og flugesnapparar tek mykje insekt. Blåmeisen er mest effektiv ettersom den går systematisk over greinene og plukkar i seg larvar, og tek til og med mindre insekt som t.d. bladlus. Ein bør ha 2 til 5 fuglekassar pr. daa med flygehol på 27 mm (til blåmeis) og 32 mm (til kjøttmeis og flugesnappar).

Ugrasbekjemping

Mypex duk (vevd plast) er godkjent i økologisk dyrking, og kan vera ei god løysing, men skapar problem med gjødslinga. Dersom ein plantar pisker kan ein laga små hol der trea står og tre den ned over piskene. Kantane vert festa i jorda med å trykkja plasten ned i jorda med ein spade. I forsøk viser det seg oftast at open jord på føresommaren gir det beste resultatet. Det krev at ein har noko reiskap som kan harva eller fresa inn under trea, evt. I kombinasjon med hand hakking. Det finst mange merke av maskiner som kan gjera dette. Det finst også maskiner for å slå gras og ugras som veks under trea.

Flaskehalsar innan plantevernet

- Frukttrekreft kan moglegvis verta noko problematisk ettersom koparkalk enno ikkje er godkjent.
- Sommarfugllarvar kan vera utfordrande enkelte år, men her føregår det aktiv forskning på alternative rådgjerder.
- Skurvsmitte frå året før kan moglegvis verta eit utfordring ettersom urea ikkje er godkjent. Bladfjerning eller -knusing er også effektivt for å redusera smitten, men dette er arbeidsamt. Det er utvikla ulike maskiner og utstyr for dette, men dette er kanskje vanskeleg å bruka i for bratt terreng.
- Ugras kan verta arbeidsamt dersom ein ikkje legg Mypexduk ved planting, eller på ein eller annan måte dekkjer jorda. Alternativet er slått eller harving under trea.
- Bekarrôte kan moglegvis verta eit problem i enkelte sortar, men kanskje kan *Tricoderma*-soppen hjelpa mot dette på sikt. Registreringar har også vist at bekarrôte kan auka på når ein brukar mykje husdyrgjødsel.

Økologisk fruktdyrking krev solid fagkunnskap

Økologisk epledyrking er krevjande, og ein må sprøyta minst like mange gongar som i konvensjonell dyrking - oftast fleire. Ingen må difor tru at økologisk epledyrking er mogleg utan profesjonelle dyrkarar og gode kunnskapar innan faget. Plommer er ein enklare produksjon enn eple med tanke på plantevernet. Det finst gode økologiske rådgjerder mot dei fleste alvorlege skadegjerarar, men humlebladlus og plommeveps kan vera utfordrande enkelte år.

Kort om sortar som kan vera aktuelle

Eple: Berre sortar som er sterke mot skurv er aktuelle å dyrka økologisk. Discovery og Aroma er dei mest aktuelle, men også Karin Schneider og Katinka er sterke mot skurv.

Plommer: Dei fleste sortane i moderne konvensjonell dyrking er aktuelle. Sortar som er utsette for plommepong, som t.d. Mallard Edda og Blue Rock, er mindre uaktuelle.

Pærer og moreller er krevjande produksjonar som fort kan få problem med t.d. teiger og rôtning. Økologisk produksjon av desse vil difor vera økonomisk usikker.

Koparimpregnert oppbindingsstaur er Debio-godkjent, og gamal cca impregnert staur kan brukast på nytt og også verta ståande i felt som alt er etablerte med dette.

Omsetjing

Grossistane COOP, Bama og Ica har i mange år sagt at dei er interesserte i å omsetja økologiske varer, og sel allereie økologisk frukt i større eller mindre omfang. COOP har bygd opp ein bra omsetnad av økologiske produkt i sine butikkar, i hovudsak av importerte varer. Frå 2005 har Bama satsa seriøst på økologisk frukt, og har trong for mykje meir varer.

I tillegg finst det fleire smågrossistar som sel ein del økologiske varer. Problemet med desse er at dei ikkje kan ta unna noko store mengder på ei gong. For større dyrkarar må ein ha eit salsopplegg liknande som for konvensjonell frukt.

Økologiske presseple vart i 2011 betalt med kr 6,30,- pr kg eks. MVA på økologiske presseri.